



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato: 26.09.2022
Vår ref: 22/04606-4
Deres ref: 22/1694 - 22/48071

Fråsegn til varsel om planoppstart og høyring av planprogram til kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 21. juni 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Alver kommune varslar om oppstart for kommuneplanen sin arealdel med høyring og offentleg ettersyn av planprogram. Dette er den første arealdelen for Alver kommune, etter samanslåinga av kommunane Lindås, Meland og Radøy i januar 2020. Det er dermed seks planar som til saman dekkjer Alver kommune og som skal erstattast av kommuneplanen sin arealdel for Alver:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (vedtatt 2015)
- Kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad (vedtatt 2010)

Kommunestyret i Alver vedtok samfunnsdelen til planen i mai 2022. Samfunnsdelen viser korleis kommunen vil utvikle samfunnet, og kva for satsingar som skal gjerast. Arealdelen legg opp til utvikling av areal og tilrettelegging for riktig arealbruk i kommunen. Sentrale tema i planen er berekraftig samfunn og næringsliv, rikt kulturliv, god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Fråsegn frå DMF



DMF ga fråsegn til kunngjering av planoppstart for kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver kommune datert 02.06.2020, og fråsegn til høyring av utkast til samfunnsdelen, datert 15.02.2022. Vi kan ikkje sjå at tema om mineralressursar er innarbeidd i vedteken samfunnsdel som ligg på kommunen si nettside.

Slik vi uttalte i våre fråsegn til samfunnsdelen, har kommunen fleire lokalt viktige førekomstar av grus- og pukk, i tillegg til den internasjonalt viktige førekomsten Eikefet pukkverk.¹ Det er og ein del registreringar av andre mineralførekomstar, deriblant jern- og basemetallar².

I arbeidet med arealdelen bør det bli teke stilling til korleis kommunen skal forvalte dei ulike mineralske ressursane. Kommunen kan ha tilgang på ressursar som er viktige lokalt, men òg i ei regional samanheng. I tillegg kan det vere næringsinteresser knytt til utnytting av mineralske ressursar, både direkte ved det enkelte masseuttak og indirekte ved ulike typar industriell vidareforedling av ressursane.

Berekraftig forvaltning av ikkje-fornybare ressursar

Som dei nasjonale forventningane for regional og kommunal planlegging legg vekt på, omfattar forvaltning av mineralressursar ikkje berre å avsette nye område for råstoffutvinning. Det inneber òg å sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida og komande generasjonar.

Mineralske ressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan takast ut der dei førekjem naturleg. Den norske mineralindustrien bidrar med ei rekke mineral som er naudsynte for samfunnet, den skaper arbeidsplassar og gir positive verknader i lokalsamfunnet. Stabil og føreseieleg tilgang på ressursar er viktig, ikkje berre for igangverande mineralverksemd, men òg for verksemdar og produksjon som er avhengig av mineralressursar som råvare. God planlegging og synleggjering av mineralressursar, på kommunalt og regionalt nivå, bidreg til å gi mineralnæringa føreseielege rammevilkår på kort og lang sikt. Tilgang på byggjeråstoff spesielt er i mange tilfelle avgjerande for å kunne realisere planlagde utbyggingstiltak. Alver kommune har ifølgje DMF si levetidsanalyse av byggeråstoff i Noreg³ god tilgang på massar frå knust fjell, og noko mindre tilgang på lausmassar, som inneber at kommunen på sikt kan bli avhengig av å hente grus frå andre kommunar.

Klima- og miljøperspektiv

I kapittel 4 i planprogrammet er det nemnd at kommunen satsar på å ha eit berekraftig næringsliv. Det blir lagt opp til at arealdelen skal sikre gode næringsareal med

¹ NGU – grus-, pukk- og steintippdatabasen for Alver kommune:
https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=4631

² NGU – malm-, industrimineral- og natursteindatabasen for Alver kommune:
https://aps.ngu.no/pls/oradb/minres_Mi_list_fkom_ks.Alle_fkom?p_kommunenr=4631R&p_rak=N

³ DMF - Levetidsanalyse av byggeråstoff i Noreg:
<https://dirmin.no/tema/ressursforvaltning/levetidskart-byggerastoff-i-kommunene>



tilhøyrande infrastruktur. DMF vil her trekke fram kva for moment som er viktig å ta i betraktning når det gjeld berekraftig forvaltning av mineralressursar.

God og langsiktig planlegging kan resultere i meir effektiv og klimavennleg utvinning av mineralske ressursar. På eit generelt grunnlag anbefaler DMF at det blir lagt opp til kortast mogleg distansar for transport av byggeråstoff. Dette er i tråd med dei nasjonale forventningane og er gunstig blant anna for klima-, økonomi- og trafiksikkerheit.

I denne samanhengen viser vi til mineralstatistikken frå 2021 som er tilgjengeleg på våre nettsider.⁴ Kapittel om klima og miljø er særleg relevant, der det blant anna er gjort greie for forholdet mellom byggeråstoff og klimautslepp frå mineralnæringa som følge av transport av tunge massar.

Masseuttak og arealbruk

Arealdelen skal bidra til at mineralressursar i viktige førekomstar ikkje blir gjort utilgjengelege av ny arealbruk, og sikre ei langsiktig og forsvarleg forvaltning av ressursane. Der kommunen tillèt uttak er òg arealdelen viktig for å sikre føreseielege rammer for drift og for å unngå konflikhtar mot nærliggande areal.

I følge DMF sitt kartinnsyn⁵, har Alver kommune fire uttak i drift der tre av desse det siste året har levert driftsrapportering til DMF, Eikefet, Eidsnes, og Kjevikadalen.

DMF har gått igjennom korleis dei kjente uttaka i vårt uttaksregister, er sett av i gjeldande plan:

- *Eikefet pukkverk* – sett av til råstoffutvinning i gjeldande plan for tidlegare Lindås kommune 2019-2031, har tildelt driftskonsesjon frå DMF
- *Eidsnes* – sett av til næringsområde i gjeldande plan for Lindås kommune
- *Kjevikadalen* – sett av til næringsområde i gjeldande plan for Lindås kommune

Kommunen bør gå igjennom gjeldande plan, og i arbeidet med ny plan vurdere om kommunen sin kunnskap om kor det blir drevet uttak, samsvarar med faktisk arealbruk.

Der det skal drivast masseuttak i planperioden, bør området bli sett av til noverande råstoffutvinning i plankartet. Område der det er planlagt masseuttak som ikkje er påbegynt eller område for utviding av eksisterande masseuttak bør bli sett av til framtidig område for råstoffutvinning, og visast i plankartet med ytre grenser for framtidig uttak⁶.

Omsynssoner

⁴ DMF – harde fakta om mineralnæringa 2021:

https://dirmin.no/sites/default/files/hf20-rapport_web_print.pdf

⁵ DMF – kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>

⁶ Rettleiar for kommuneplanen sin arealdel:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/135bf8fa9f264d7b86700a7711863578/no/pdfs/h-2481-b-kommuneplanens-arealdel.pdf>



Kommunen bør vurdere å nytte omsynssone H590, jf. plan- og bygningsloven § 11-8 c), for område med registrerte mineralførekomst. Hensikta med ei slik omsynssone kan vere å synleggjere mineralressursar som kan bli aktuelle for framtidig utvinning, og sørge for at det ikkje blir sett i verk utbygging eller tiltak som kan legge hinder for seinare utvinning av mineralske ressursar. Kommunen kan òg vurdere å nytte omsynssone på areal omkring eksisterande masseuttak der det ikkje er registrert ein mineralførekomst, for å legge til rette for utviding av uttak og unngå konflikt med andre arealinteresser.

Konsekvensutgreiing

DMF kan ikkje sjå i planprogrammet at mineralressursar er lagt inn som tema for konsekvensutgreiinga.

I arbeidet med arealdelen må kommunen identifisere vesentlege verknader av forslag til endra arealbruk på viktige mineralressursar, jf. *Forskrift om konsekvensutredningar § 21*. I dette arbeidet må datagrunnlag frå NGU og DMF bli lagt til grunn for utgreiing av arealinnspeil. For alle nye formålsområde som kjem i nærleiken av eller som rører ved mineralske førekomst eller masseuttak, bør det gjerast ei vurdering av om dei legg hinder for ressursane i dag og i framtida. For masseuttak spesielt, bør kommunen vurdere om endra arealbruk rører ved viktige utvidingsområde. Det er viktig at kommunen tek med i vurderinga at ressursar som ikkje nødvendigvis er vurdert som viktige i nærmaste planperiode, kan bli viktigare i framtida. Dersom kommunen vel arealbruk som beslaglegg område med ressursar, bør kommunen i tillegg vurdere om det finnast relevante avbøtande tiltak.

Datasett frå NGU (*Grus-, pukk- og steintippdatabasen og Mineralressurser*) kan lastast ned frå GeoNorge sin kartkatalog⁷. Datasetta distribuerast òg som WMS-tenester, og kan leggjast direkte inn i kommunen si eiga kartløyning.

Føresegner i arealdelen

DMF oppmodar kommunen om å vurdere følgande i utforminga av føresegna til ny arealdel:

- Krav om å undersøke om registrerte mineralførekomst blir påverka av byggetiltak.
- Vidareføre krav om reguleringsplan for masseuttak i føresegn 2.2. i gjeldande plan for Lindås kommune
- Vidareføre føresegn 2.7.1, om landskap i gjeldande plan for Lindås kommune

⁷ GeoNorge kartkatalog:
<https://kartkatalog.geonorge.no/>



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verkøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:
Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Kopi til: